





Stig Nordbø Børsheim frå Uskedalen skal spela Tsjekhov med hardangervest og nytta hardangermål i tre framsyningar til helga. (Foto: Privat).

Så snart ein lokal kultur-aktør er presentert, kjem turen til ein ny: Til helga skal uskedelingen Stig Nordbø Børsheim (46) spela Tsjekhov ombord på teaterbåten Innvik som ligg i Oslo havn. Han vil ha hardangervest på seg og snakka hardangermål, lovar han uskedalen.no

Stig spelar i Frieriet, som varar omtrent ein halv time og følger etter det like lange stykket Bjørnen. Dei to Tsjekhov-stykkene inngår i festivalen Teatertreff 2006 og det blir framsyningar både fredag, laurdag og sundag.

Bjørnen og Frieriet er to elleville komediar med lett spel og karikerte karakterar. Det heiter i presentasjonen frå arrangøren Oslo Teatersenter at målsettingen med dei to stykkene er å utforske relasjonar mellom menneske i eit sado-masochistisk perspektiv. Skodespelarane framstår som kjenslemessig utagerande, unorske karakterar – som blir gjort til norske. Og her det det altså mellom andre uskedelingen kjem inn i biletet med sitt "kostyme" og sitt mål.

Han er slett ikkje skodespelar til dagleg. Stig er fysioterapeut og akupunktør ved Vika Fysikalske. No har han vore fysioterapeut i privat teneste i 15 år medan han vart utdanna som akupunktør for 10 år sidan, Stig praktiserer den klassiske formen for akupunktur og det er tydeleg at kollega Gaute Mehl frå Rosendal har vore eit førebilete. Han har dreve det langt på området, blant anna med faste spaltar i pressa.

Stig har vore utøvar av musikk (gitar og song) og teater i rundt 20 år. Han har jamvel gjeve ut ein CD. Den kom for to år sidan og heitte Hard anger (med mellomrom!). Den var ein blanding av både folkemusikk, pop og rock, men folkemusikken låg i botnen, presiserer multiutøvaren som likar ulike stilartar. Stig lagar både tekstar og melodiar og hadde henta inn mange utøvarar til produksjonen.

- Kan du tenkje deg eit brot med fysioterapien ?

- Nei, på ingen måte, eg har eit spanande yrke og kan vise til gode resultat. Eg kjem aldri til å ofra det og bli ein slags kunstnar på heiltid.. Men sjølv sagt kan eg vurdere eit midlertidig brot viss eg får ei større og tyngre oppgåve. Eg kan jo gå attende til fysioterapien etter eit "gjestespell" med eitt og anna.

- Er ditt hjarta i Oslo no?

- Eg likar Oslo, men eg likar også Uskedalen og Hardanger. Hjarta mitt er med andre ord både her og der. Men eg blir i grunnen meir og meir glad i Vestlandet etter kvart som tida går. Eg kan tenke meg ei hytte der, seier Stig og det høyres ut som ei annonse.

Av Ola Matti Mathisen